

## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad:</b>	Welhaven, Grand hotel Terminus
<b>Dato:</b>	02.10.2018
<b>Tid:</b>	10:00

### Program

Kl 10:00      Saksbehandling

Til dette møte har Mari Klokkestuen Kjellesvik forfall. Vara vert kalla inn.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på [www.hordaland.no/forfall](http://www.hordaland.no/forfall).

Innkallinga gjeld valde medlemer i fylkesutvalet. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.

Anne Gine Hestetun  
utvalsleiar

## Sakliste

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 243/18	Godkjenning møteinnkalling og sakliste		
PS 244/18	Flytting av bomstasjon Miljøløftet	2018/11652	

**PS 243/18 Godkjenning møteinnkalling og sakliste**



Arkivnr: 2018/11652-4

Saksbehandlar: Erlend Iversen

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet	244/18	02.10.2018
Fylkestinget		

### Flytting av bomstasjon Miljøløftet

#### Samandrag

Fylkestinget gjorde 12. juni 2018 vedtak om at ein av dei nye bomstasjonane skulle plasserast i Grimseidvegen. Bystyret i Bergen gjorde 19. september i år vedtak om å flytte denne bomstasjonen frå Grimseidvegen til Skagevegen.

Statens vegvesen har utgreidd at dette vil føre til trafikkauke i området, ved at Grimseidvegen vert ein gratisveg for bomstasjonen på RV 580 Flyplassveien. Det må derfor arbeidast vidare med å finne avbøtande tiltak som kan redusere trafikkauken. Dei nye bomstasjonane skal etter planen settast i drift 1. januar 2019, og det er dermed behov for ei rask avgjerd i saka.

Fylkesrådmannen merkar seg at bystyret sitt vedtak er gjort i dialog med bebuarar og Statens vegvesen, og finn derfor å kunne tilrå flytting av bomstasjonen frå Grimseidvegen til Skagevegen. Då vedtaket skil seg frå tidlegare fylkestingsvedtak vert saka lagt fram til ny handsaming i fylkestinget.

**Økonomi:** Liten/ ingen innverknad

**Klima:** Liten/ ingen innverknad

**Folkehelse:** Liten/ ingen innverknad

**Regional planstrategi:** Liten/ ingen innverknad

### Forslag til vedtak

1. Fylkestinget vedtek at bomstasjonen i Grimseidvegen vert flytta til Skagevegen.
2. Fylkestinget ber partane i Miljøløftet arbeide vidare med avbøtande tiltak for å redusere trafikkauken som følgje av flytting av bomstasjonen til Skagevegen.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 25.09.2018****Bakgrunn**

Fylkestinget handsama sak om flytting av bomstasjonar 12. juni 2018 (2018/11652). Det vart gjort følgjande vedtak:

*Fylkestinget vedtek å flytte bomstasjonane Fv 243 Tellevikvegen, Fv 172 Skageveien/ Grimseidvegen og Fv 580 Hardangervegen som føreslått i saka.*

Deretter handsama Bergen bystyre sak om plassering av bomstasjonar 19. september 2018 og gjorde følgjande vedtak:

- 1. Bergen bystyre foreslår at lokaliseringen av bompunktene i Fv 243 Tellevikvegen og Fv 580 Hardangervegen omgjøres som skissert i saksfremlegget.*
- 2. Bystyret ber byrådet arbeide vidare med å finne gode løsnings for Harald Skjoldsvei.*
- 3. Bystyret kan ikke akseptere at bompunktet flyttes fra Skagevegen til Grimseidvegen. Bystyret opprettholder forslaget om opprinnelig bompunkt i Skagevegen, og ber om at det utarbeides praktiske løsninger for trafikken gjennom Grimseidvegen, eksempelvis at deler av Grimseidvegen omgjøres til enveiskjøring mot Hjeltestad eller at det vurderes nytt bompunkt i Grimseidvegen ved skolekretsgrensen mot Hjeltestad.*

Vedtaks punkt 1 er i tråd med innstilling og fylkestinget sitt vedtak. Når det gjeld vedtaks punkt 2, Harald Skjolds veg (KV 4542), så er denne kommunal i sin heilskap og vert såleis ikkje omtala her.


Vedtaks punkt 3 i bystyret skil seg frå fylkestinget sitt vedtak og vert derfor lagt fram til ny handsaming av fylkestinget. Under følgjer ei kort framstilling av utviklinga i saka.

**Bomstasjon Skagevegen eller Grimseidvegen****Fakta:**

FV 172: Skagevegen: Fylkesveg frå Blomsterdalen til Grimseidvegen.

KV 5710 Grimseidvegen: Kommunal veg frå Hjeltestad-/ Mildevegen til den møter Skagevegen ca. 1,2 km sør for Fana Stadion. Derifrå er den fylkesveg vidare til Fanavegen ved Lagunen kjøpesenter.

Oppsummert så vert Skagevegen (til dels) og Grimseidvegen moglege omkøyringsveger for å unngå bompengar på Skagevegen og RV 580 Flyplassvegen.



#### *Prosess fram mot vedtak*

Statens vegvesen si utgreiing frå 2017 føreslo å plassere ein bomstasjon på FV 172 Grimseidvegen, for å unngå uønskt gjennomkøyring/ trafikkauke i området. I prosessen som følgde kom det fram ønske frå bebuarar om å endre plasseringa til Skagevegen. Dette av omsyn til lokalmiljø (skule- og fritidsaktivitetar).

Det må her peikast på at Stortinget si vedtekte plassering av bomstasjonen er i Skagevegen, men at det ved ein feil like fullt er Grimseidvegen som det er referert til i dei lokalpolitiske sakene våren 2017.

Statens vegvesen har rekna seg fram til at flytting av bomstasjon frå Grimseidvegen til Skagevegen vil kunne føre til trafikkauke på om lag 1000 ÅDT, då Grimseidvegen vil kunne fungere som gratis omkøyringsveg for bomstasjonen i Skagevegen (og bomstasjonen i Flyplassveien). Ei slik omkøyring vert vurdert som uheldig ut frå eit trafikktryggleiksperspektiv.

Vidare bør det nemnast at Bergen kommune og Statens vegvesen har arbeidd med å finne løysingar for å stenge Grimseidvegen for gjennomkøyring, samstundes som bebuarane langs vegen vart sikra tilkomst på fornuftig vis. Dette arbeidet held fram.

#### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Fylkesrådmannen vil peike på at det no begynner å haste med endeleg avklaring dersom dei nye bomstasjonane skal vere på plass innan 1. januar 2019. Fylkestinget gjorde juni 18 vedtak om å plassere bomstasjonen i Grimseidvegen, mens bystyret i Bergen seinare gjorde vedtak om å plassere denne i Skagevegen. Saka vert derfor fremma på nytt for fylkestinget.

Fylkesrådmannen ser at vegvesenet har rekna seg fram til at flytting av bomstasjonen vil gi auka trafikk i området, men merkar seg samstundes at bystyret sitt vedtak er gjort i dialog med nettopp Statens vegvesen og bebuarane i området. Fylkesrådmannen finn derfor å kunne rå til at bomstasjonen flyttast i tråd med vedtaket i Bergen kommune, men ber samstundes om at det vert arbeidd vidare med avbøtande tiltak som kan redusere gjennomkøyring.